

Tiltaksstrategi og retningslinjer - tilskot til tiltak i beiteområde - Seljord 2023 - 2026

Bakgrunn:

Med bakgrunn i *Rundskriv 2019-45 Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder* skal kommunen lage lokale retningslinjer for prioritering, administrasjon og utlysning innanfor rammene av regelverket. Dei lokale retningslinjene skal slå fast kva tiltak som vil bli prioritert ut frå det som gagnar utmarksbeitinga i Seljord kommune. Det skal og lagast retningslinjer for timesats eige arbeid, tilskotsandel m.m. Retningslinjene for tiltaksstrategi tilskot til tiltak i beiteområde bør samordnast med tiltaksstrategi Spesiell miljøtiltak i landbruket (SMIL).

Regelverk:

Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-02-04-206?q=beiteomr%C3%A5der*

Landbruksdirektoratets rettleiing til ordninga:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader>

Rundskriv 2019-45 Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/forskrift-om-tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader-kommentarer-til-regelverk>

Tiltaksstrategi for ordninga tilskot til tiltak i beiteområde – Seljord 2023-26 er utarbeidd av administrasjonen i samråd med faglaga i kommunen før den blir handsama av Samfunnsutvalet

Sist handsama i møte med faglaga den 20.01.2023

Seljord bondelag: Svein Kjetil Lønnestad
Åmotsdal Sau og geit: Bjørn Arve Nordbø
Flatdal Sau og geit: Gunleik Mæland
Seljord og Telemark Bonde- og Småbrukarlag : Sondre Aasan
Seljord skogeigarlag: Johan Angre
Frå administrasjonen: Knut Olav Heddejord

Vedtak i Samfunnsutvalet – 08.03.2023

Samfunnsutvalet godkjenner tiltaksstrategi og retningslinjer - tilskot til tiltak i beiteområde - Seljord 2023 - 2026

Lokalt tilpassa målsettingar og prioriteringar 2023-2026:

I Seljord er administrasjonen og faglaga i kommunen einige om å prioritere tilskot til tiltak i beiteområde:

- 1 Planlegging og prosjektering av faste installasjonar
- 2 Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk
- 3 Utarbeiding av planer (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan mv.) for utmarksbeite
- 4 Vegetasjonskartlegging
- 5 Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita

Bakgrunn/grunngeving for prioriteringa:

Tradisjonelt har Seljord kommune fått inn flest søknader til planlegging og prosjektering av faste installasjonar. Men truleg vil det koma fleire søknader om tilskot til elektroniske hjelpemiddel framover.

Prioritering av innkomne/ godkjente søknader om tilskot til tiltak i beiteområde

Administrasjonen vurderer innkomne/godkjente søknader til tiltak i beiteområde opp mot denne tiltaksstrategi og retningsliner for tiltak i beiteområde i Seljord og fordeler skjønsmessig tilskot i samsvar med tildelte midlar(Seljord kommune sin tilskotspott til tiltak i beiteområde)

Krav til søknad med dokumentasjon

- Søknad skal leverast elektronisk
- Søknaden må vera klart avgrensa og etterprøvbar
- Rekneskapssamandrag med fakturaer for innkjøpte varer og uttak frå eige varelager
- Timelister over eigeninnsats må dokumenterast med dato og tid for utført arbeid
- Timesats eigen tid settast til maks 350 kr, maskin og utstyr i samsvar til leigeprisar (Norsk Landbruk)

Tilskot

1. Det kan bli gjeve tilskott med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak.
2. Ved innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr kan det bli gjeve tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjeld for inntil 50 % av dyretalet i beitelaget/besetninga.
3. For planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan det bli gjeve tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.